



Sæbjørn Sæbjørnsen og Liv Nord Sæbjørnsen kom til Uskedalen langfredag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mange spanende båtar kjem innom båthamnane i Uskedalen og langfredag ettermiddag ankra ein av dei opp ved den nye bølgebrytaren.

Det var den raude, 60 fot lange Lady Siv frå Stord som har ei lengre og meir spanende historie bak seg enn dei fleste siglbåtar. Båten har vore jorda rundt og også gjort det skarpt som tevlingsbåt.

- Det er ikke bygt meir enn dette eine eksemplaret og det skjedde i St. Nazare i Frankrike i 1972, altså for 37 år sidan. Sidan er det ikke endra noko på båten, fortel eigaren, Sæbjørn Sæbjørnsen. Han er opprinneleg frå Molde, men har budd på Leirvik sidan årtusenskiftet og arbeider for Aker Drilling i Nordsjøen.

For dei som har forstand på det kan det opplysast at riggtypen gjer dette til ein staysiglschoonar medan skrogtypen er ein klassisk klippar. Sæbjørn kjøpte han for to år sidan av firmaet Oliver Marine i Torrevieja i Spania.

- Då hadde eg gått og beundra båten i mange år. Han låg der for sal men vart ikke seld. Eg såg etter ein kjempegod sjøbåt til erstatning for den båten på 43 fot som eg hadde. Og det fekk eg verkeleg, seier Sæbjørn som også var fornøgd med kjøpesummen.

- Eg gav rundt ein million og det var eit godt kjøp, slår han fast.

- Lady Siv flyt fantastisk fint i sjøen, båten er rett og slett ein draum å sigla med, legg han til.

Det fører for langt å gå i detalj om historia til Lady Siv, som sjølsagt er oppkalla etter kona, Siv Nord Sæbjørnsen. Paret som fekk bygt båten gjorde det for å nytta han til charter og han har sigla som det mellom anna i Karibien. Båten har også ein karriere bak seg som regattabåt verda rundt.

Sæbjørn og Siv har førebels ikke vore på nokon langtur med båten, dei har halde seg langs Vestlandskysten frå Romsdalen til Stavanger. Men på lengre sikt planlegg dei naturleg nok ei og anna langferd. I alle fall vert det nokre Shetlandsturar.

Laurdag går ferda vidare innover Hardangerfjorden.

- Hardangerfjorden er koseleg og Uskedalen ein vakker plass, seier paret.

Av Ola Matti Mathisen



Lady Siv i heimlege farvatn. (Foto frå Sæbjørn Sæbjørnsen)